

Fra: Annika Tvedt Villanger <Annika.Tvedt.Villanger@fedje.kommune.no>

Sendt: 18.04.2023 15:07:00

Til: Monica Skjelanger Reknes <monica.skjelanger.reknes@schibsted.com>

Emne: SV: Fastlege Fedje

Hei,

Fedje kommune har ei ordning med langturnus «Nordsjøturnus» som sikrar lokal og lett tilgjengeleg legehjelp til innbyggjarane på Fedje heile døgnet. Me har tilsett fire legar som arbeidar 24/7 kvar 4. veke. Me omorganiserte legetenesta i 2022, og er svært fornøgd med tilbodet. Me opplever auka tryggleik, beredskap og nærleik til tenesta.

Pr april 2023 har kommunen 486 av 1000 på fastlegelista, og dermed 514 ledige plassar.

Ønskjer deg ein fin dag i sola

Med helsing

Annika Tvedt Villanger

Kommunalsjef Helse og omsorg – Fedje kommune

Telefon 56 16 51 00 | **Mobil** 45 41 69 56

Internett www.fedje.kommune.no



FEDJE KOMMUNE
– *Landsbyen i havet*

Me gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både innkomande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under handsaming bør sendast til postmottak@fedje.kommune.no, gjerne med kopi til mi e-postadresse.

Frå: Monica Skjelanger Reknes <monica.skjelanger.reknes@schibsted.com>

Send: tysdag 18. april 2023 14:13

Til: Annika Tvedt Villanger <Annika.Tvedt.Villanger@fedje.kommune.no>

Emne: Fastlege Fedje

Hei :-)

Eg har berre ein liten runde med kommunane om korleis det går med fastlegeordninga, om de har nok tilsette, om det er vanskeleg å rekruttere, ja, korleis det ligg an.

Korleis er det i Fedje?

Har de nok fastlegar til å dekke behovet i kommunen?

Eventuelt kva gjer de for å få tak i nye? Vikarbyrå eller har de fått tilsett direkte? Korleis er ståa framover slik de ser det?

De har jo ein Nordsjøturnus, slik eg forstår det. Kan du fortelje litt om det og korleis det fungerer? Korleis er erfaringa med det?

Takk for raskt svar

--

Beste helsing
Monica Skjelanger Reknes
Strilen og Bygdanytt
91305244